



Mottaker
Sven Gundersen
Postboks 6134 Postterminal
5892 BERGEN
Norge

Deres ref.	Vår ref. 19/02570-9	Dato 13.01.2020	Delegert sak Utvalg for plan og utvikling
------------	------------------------	--------------------	----------------------------------------------

66/481- Dispensasjon frå plankrav og utnyttingsgrad i kommunedelplan for Geilo. Igangsettingsløyve for hytte. Hakkesetvegen

Byggeplass: Hakkesetvegen 53

Tiltakshaver:	Sven Gundersen	Adresse:	Pb. 6134/ 5892 BERGEN
Søker:	Møre Beslag AS	Adresse:	Pb.142 Midtun/ 5843 BERGEN
Tiltakstype /	161 Hytter, sommerhus og lignende fritidsbygning/ Nytt bygg – Fritidsformål		
Tiltaksart:	over 50 m ²		

Søknad motteke: 23.05.2019/ 2.1.2020			
Grad av utnytting	Matrikkelareal	Bruksareal (BRA)	Bygd areal (BYA)
150 m ² BRA	146 m ²	150 m ² + 36 m ² utomhus parkering	178 m ² + 36 m ² utomhus parkering

VEDTAK:

VEDTAK I

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå plankrav gjeve i pkt. 1.1 i føresegn til kommunedelplan for Geilo, for oppføring av hytte på ubygd eigedom.

Grunngevinga er at eigedomen ligg for seg sjølv tett inntil reguleringsplanen for Geilo Fjellandsby. Det er vurdert å ikkje vera uavklarte moment som treng si avklaring i ein planprosess for ei einsleg tomt med slik plassering. Føremålet bak planføresegna blir dermed ikkje vesentleg sett til side, da det er lite føremålstenleg å krevje reguleringsplan. Fråværet av ulemper for samfunnsinteressene er vurdert å vera fullnøyande til at vilkåra for dispensasjon er til stades.

VEDTAK II:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå utnyttingsgraden gjeve pkt. 2.1.2 i føresegn til kommunedelplan for Geilo for oppføring av hytte med eit areal på 150 m²BRA. Dispensasjonen gjeld for overskriding av utnyttingsgraden for målbart areal til to biloppstillingsplassa på 36 m².

Grunngeving er at det var planen si intensjon at utvendig parkeringsplass skulle koma i tillegg til bruksarealet til bygning(ane) på ein eigedom. Det er gjeve fleire liknande dispensasjonar innanfor planområdet, og denne saka skil seg ikkje ut frå desse. Fråværet av ulemperne for samfunnsinteressene er vurdert å vera fullnøyande til at vilkåra for dispensasjon er til stades.

VEDTAK III

Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 20-3 og 21-4 blir igangsettingssøknaden for oppføring av ny hytte godkjent på fylgjande vilkår:

1. Dersom det under anleggsarbeidet eller annen verksemd dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast. Jf. kulturminneloven § 8.2.
2. Løyvet fell bort om arbeidet ikke er satt i gang innen 3 år. Det samme gjeld om arbeidet stansar i lenger tid enn 2 år. Jf. plan- og bygningslovas (pbl.) § 21-9.
3. Bygningsavfall skal leverast til godkjent mottak.
4. Tiltakshavar er ansvarleg for å ha naudsynte rettar for bygging av felles tilkomstveg med og på naboeigedomen 66/233.
5. Før bygg blir tatt i bruk må det sendast inn søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Jf. pbl. § 21-10.

Erklæring av ansvarsrettar:
Ansvarlig søker er ansvarleg for at tiltaket er dekt med ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF og eventuelt KONT. Jf. pbl. § 23-4. Ansvarleg søker skal syte for at kommunen til kvar tid har den oppdaterte gjennomføringsplanen, se til at alle ansvarsområder er dekt og at endringar, manglar og opphør av ansvarsretter meldast til kommunen. Jf. SAK10 § 12-2 bokstav d, jf. pbl. § 23-8.

Jf. § 23-3 i pbl. kan kommunen frata føretak ansvarsrett. Ansvarsrett fell bort ved vedtak om ferdigattest, men kommunen kan gje pålegg om retting eller utbedring innen fem år etter at det er gjeve ferdigattest.

Kommunen plikter å føre eksisterende og ny bygningsinformasjon i Matrikkelen jf. matrikkellova §

Med helsing

Trond B. Augunset
leiar plan og utvikling

Borgar Underdal
byggesaksbehandlar

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Høve til å klage

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsatt iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetting kan ikkje påklagast.